

Da anarkismen blømde på Tynset

Av Audun Skjervøy

Ivar Mortensen, Ivar Mortensson, Savalguten, Savalguten Ivar, Ivar me' Savala, Ivar Matlaus, Rikskapellanen, «Savalguten, han Ivar Matlaus nordi Roma i Storstugun punni kletté i Li'n inni Sandviksrøom 'med Polem», Ivar Mortensson, Ivar Mortensson Einund, Ivar Mortensson Egnund, Ivar Mortensson-Egnund, Egnund-gubben. Namna var like mange som gjerdene hans. Skal ein skrive om han, kan det vera vanskeleg å avgjera kva for eit namn ein eigentleg skal nytta. Dei ulike namna representerer ulike stadium i livet hans. I denne artikkelen vil eg skrive litt om Ivar Mortenson - om anarkisten og samfunnsomstøytaren.

Ivar Mortenson er nesten gløymd av ettertida si. Svært få veit i dag kven han var og kva han stod for.

Han vart fødd i Alvdal i 1857. Far hans - Morten Mortensen - var ei tid stortingsmann, og på denne måten kom Ivar Mortenson til Kristiania.

I Kristiania vart Ivar Mortenson kjend med menneske som fekk svært mykje å seia for utviklinga hans seinare. Gjennom sonen til folkemannesamlaren Jørgen Moe - Moltke Moe - vart interessa hans for den norske folkediktinga vekt. Dette tydde svært mykje for diktaren Ivar Mortenson, og skin igjennom i nesten alt det litterære arbeidet hans.

Gjennom Moltke Moe kom han i kontakt med Arne Garborg, og venskapen med han var ein svært viktig faktor for utforminga av dei samfinnsideaene Ivar Mortenson kom til å stå for seinare.

Arne Garborg hoppa inn i språkdebatten da han gav ut «Den ny-norske Sprog- og Nationalitetsbevægelse» hausten 1877, og rett etter starta landsmålsavisa «Fedraheimen». Og var det no-ko Ivar Mortenson sette pris på, så var det at Arne Garborg vart

målmann, og han var med i redaksjonen frå starten av. Det er vanskeleg å seia kvifor Ivar Mortenson vart målmann. Nord-Østerdal var ikkje nett hovudsetet for målreisinga. Far hans hadde komme med i politikken gjennom bondelaga til Søren Jaabæk, og det er naturleg at Ivar Mortenson vart påverka av dei politiske idéane til far sin. Samstundes var siste halvdel av 1800-talet ei blømingstid for nasjonale tankar. Det er rimeleg å tenkje seg at ein sterk bonde-identitet saman med ei nasjonal interesse var med på å setja liv i målmannen Ivar Mortenson.

Det var Garborg som stod for politikken i bladet den første tida, og det gjorde han til gagns. I 1878 vart «Ein Fritenkjar» prenta som bladkjellar, og snøgt var bladet skulda for å vera ei avis for fritenkjarar. Det var heller ikkje berre «Ein Fritenkjar» som resulterte i reaksjonar frå lesarane. Mange meinte at bladet hadde vortet for radikalt no; det tek ordet fyr, «Fri Diskusion», skriv imot «Censur», og dette skadde målsaka meinte dei.

Dei siste åra fram til 1880 var hendingsrike år for politikken her til lands. Vi fekk vedtaka om at statsråden skulle ha tilgjenge til stortingsforhandlingane som kongen nekta å sanksjonere - den såkalla Statsråds-saka. Statsrådssaka fekk eit høgdepunkt 9. juni 1880, da Johan Sverdrup greidde å samle heile Venstre om ei avgjerd som gjekk ut på at det siste vedtaket i statsråds-saka skulle vera gjeldande grunnlov for Norge. Og det var i samband med denne saka at Ivar Mortenson meir eller mindre friviljug vart kasta inn i politikken.

Ivar Mortenson skulle på eksis denne sommaren. Han var eigentleg innskriven i Kristiania, men han ville ikkje eksera i lag med «kutorgsgutane» der inne i byen. Han ville eksera i Thelemarksbataljonen, for der «va det gott mål å høyre». Og han greidde å få seg overført dit. Mortenson meinte at det galdt å få reist eit nasjonalt ansvar hos soldatane, sånn at dei kunne kjenne seg som frie menn og fedrelandsverjarar, og sånn at offiserane ikkje lenger kunne bruke soldatane som dei ville. Han meinte at det ville vera ei grei sak å få telegutane til å samle seg om nasjonale hugsmål.

Da soldatane fekk bod om det som hadde hendt på Stortinget den 9. juni, gjekk dei omkring på moen og song og ropa «Hurra for Johan Sverdrup». Tre gonger hengde dei opp eit bilete av Sverdrup, og tre gonger vart dei rive ned av ein kaptein. Den sa-

Ivar Mortenson

holder foredrag i

dag den

1892.

Emne:

Entré:

Af pressens udtalelser i 1892 anføres:

„Han er en stor rabulist“.

„Bratsbergs Blad“.

„I den gode gamle tid vilde han blet stegt og hans aske strøet paa bækken. — —“

— — Savalguten staar over partierne. — — Foredraget var meget humoristisk — — — — Enkelte punkter syntes os aldeles udmærkede — — — — De foredrag han har holdt her har været baade interessante og lærerige — —“

„Varden“, Skien.

„En farlig mand“.

„Kongsberg Adresse“.

„Hans farlighed bestaar i at han vil gjøre Jesu lærdomme til virkelighed i livet — — — — Han river stærkt op af og til, kommer en og anden gang med saa nye og ukjendte ting, at en forbauses og ægges; men der er ingen som kan bli sint, for der er en opheiet ro og et straalende humer over foredragsholderen som

uvilkaarlig smitter paa tilhørerne. — — — — I en umaadig interessant form fremla han en udredning af forholdene — —“

„Kongsberg Blad“.

„ — — var for ham at være meget moderat.“

„Kongsberg Adresse“.

„ — — ofte saa slaaende og interessant, at tilhørerne blev dybt grebne eller brast i latter — — — — Det hele foredrag var eiendommeligt, originalt; det var et menneskehedens epos — —“

— — — — J. M. staar lidt nærmere det nye testaments kristendom end vort præsteskab gjør — —“

„Posten“, Skien.

„Det som trækker folk sammen til M.s foredrag er vistnok for en del hans originale maade at tale paa, men — — — — visselig ogsaa de mange tvivlende aanders søgen efter sandhed.“

„Samhold“, Gjøvik.

me kapteinen hadde og nekta Ivar Mortenson å bruka norsk mål under ekseringa. Overgrepa denne kapteinen gjorde mot soldatane førde til at Ivar Mortenson skreiv to sendebrev til Fedraheimen der han skildra tilhøva på Graatenmoen. Samstundes sende han desse to avisene anonymt til kapteinen.

Etter kvart kom det fram kven som hadde skrive desse sendebrev, og på oppstillinga den siste dagen vart det alvorleg for Mortenson. General Wergeland hadde komme frå Kristiansand. Han hadde peika på Mortenson under oppstillinga og ropa: «Vogt eder for de falske profeter!» Mortenson vart pågripen og ført til krigsrett. For «ugjerningane» sine vart han dømd til 25 dagars einsamt fengsel.

1882 var siste året for Arne Garborg som redaktør av «Fedraheimen». Det vart færre og færre som tinga bladet, og Garborg vart ikkje fri fri-tenkjarstempelet. For at bladet skulle ta seg opp att, var det naturleg at ein ny redaktør kunne styre bladet varsomt i kristelege spørsmål, og at bladet støtta Venstre og Johan Sverdrup. Ivar Mortenson var sjølvskreven som ny redaktør av «Fedraheimen». Han var nyutdanna teologisk kandidat, og han hadde ikkje komme oppi større politiske ordskifte dei åra han hadde vore med i redaksjonen til avisa.

Det som prega avisa i 1883 og 84 var riksrettsaka mot ministeriet Selmer. Og 27. februar 1884 vart Selmer dømd til å miste embetet sitt, og sju statsrådar med han.

Domen opna for det første norske parlamentariske riksstyret med Johan Sverdrup i spissen, som vart utnemnd 26. juni 1884, og to dagar etter kunngjer «Fedraheimen»: «Nye Tider. Fred er komen. Fridomen er grunnfest i gamle Norig, me hev fenget Johan Sverdrup til Ministar». Alt var bare glede i Venstre-leiren no, men gleda vara ikkje så lenge.

Allereie hausten 1884 skriv Arne Garborg i «Fedraheimen» og er misnøgd med programmet til Venstre. Han meinte ho var for lite forpliktande. Han meinte at det kunne hende at Venstre arbeidde for dei sakene dei hadde sett opp dersom Venstre fann det klokt, men dei kunne like gjerne la sakene liggja.

Det skulle vise seg at Arne Garborg fekk rett. Folk vart mindre og mindre nøgde med Johan Sverdrup og venstre-gjeringa.

Det var motsetningar i Venstre, og desse motsetningane vart løyste ut til strid då Alexander Kielland søkte om diktarløn i

1884. I byrjinga var Fedraheimen lite interessert i at Kielland skulle ha diktarløn, dei meinte at ein landsmålsforfattar - Arne Garborg - måtte få dette no, sia ingen landsmålsforfattarar hadde diktarløn. Dette refsa Garborg avisa for, og han gav mange grunnar til å støtte tildeling av diktarløn til Kielland (Fedraheimen 11. mars 1885). Og det tok ikkje lang tid før «Fedraheimen» støtta Garborg sit syn. Kielland fekk ikkje diktarløn, og med dette vart grunnen for ei splitting i Venstre lagd; ei splitting som var ein medverkande årsak til at Ivar Mortenson mista trua på Venstre, fekk meir og meir radikale synspunkt, til han nærma seg anarkismen.

Same året (1885) vart Morgenbladet arg på «Fedraheimen» fordi det var prenta ein artikkelserie om stortingsvale i avisa underteikna Quidam. Artikkelserien sa at staten måtte gi noko av formyndarskapen frå seg. «Sjølve arbeidet med statsstyringi er det, som skal løysast ut fraa dei faae Hender og gjevast til Folket», vart det m.a. skrive. (Fedraheimen 15. juli 1885). Friele i «Morgenbladet» såg raudt med ein gong, og han meinte at no var Anarkistflagget laust i Fedraheim-redaksjonen. Men «Fedraheimen» var enno ikkje noko anarkistorgan. Avisa var varsom både i politiske og religiøse spørsmål.

I 1886 sende Garborg ei vise til «Fedraheimen»: «Anarkistvise» heitte ho. (Seinare ville han kalle visa «Domedag»). Denne visa var hard kost for «Fedraheimen», og Ivar Mortenson laut setja til ein fotnote: «Anarkistar kallar ein agalause Villstyringar, som ikkje vil hava noko Styring, anna ganga i Sjølv-ræda og styra seg sjølve. Det er mange soso lagad i Paris, so Forfattaren hev havt dei for Augo, som han legg denne kallege Visa i Munnen til». (Fedraheimen 10. februar 1886). «Det var ikkje just slikt eg «hadde for Augo», seier Garborg seinare. (Fedraheimen 6. mars 1886). Han hadde tenkt på alle dei som var undertrykte og som prøvde å fri seg frå undertrykkinga. Han ville arbeide på alle «maatar for, at det store Skiftet som eingong kjem maa kunna gaa for seg utan altfor mykje Syrgjespel». (Fedraheimen 6. mars 1886).

Utover hausten 1886 vart kritikken mot dei s.k. Oftedølene og den politikken Lars Oftedal stod for sterkare og sterkare. Fleire artiklar om «tvidraget i Venstre» vart trykte, og det var mykje debatt i avisa.

Ivar Mortenson var lærar ved folkehøgskolen i Seljør vinteren

1886/87. Bladarbeidet hadde han overlata til «ein Mann inne i Kristiania». I eit brev til Fedraheimen gjer Ivar Mortenson greie for politikken til bladet. Bladstyret tok til å bli radikalt no, skreiv han, og det kom av at grunnsynet hans var radikalt. I byrjinga av bladstyrartida si hadde han prøvd å samle målmannsflokken, og såleis vera varsam med politikk, men han hadde snart oppdaga at «denne Floken var so lite samfengd, at han vilde ikkje ganga saman under eit Merkje». Han hadde prøvd å få støtte til bladet frå dei som i politikken hadde kalt seg kristelege og nasjonale, men der hadde det vore lite å hente. Saka var den at dei som hadde hjulpet mest til med bladarbeidet, var dei som vart kalla for «Fritenkjarar og Europæarar». Han meinte òg at ein politikk som skulle høve for eit målblad måtte vera litevetta meir radikal enn den vanlege. «Ein ny Maalbunad for gamle Tankar, det duger ikkje, nei med det nye Maalet maa det koma ei ny Tid». (Fedraheimen 1. desember 1886).

Med desse orda kasta Ivar Mortenson seg inn i den radikale politikken, og det tok ikkje lang tid før han erklærte seg sjølv for anarkist.

Nye vonbrot skulle Stortinget føre til. I 1886 - mens Arne Garborg var statsrevisor - gav han ut boka «Mannfolk». Boka fall ikkje alle i smak, og han vart vraka som statsrevisor i 1887. Dette kalla «Fedraheimen» ein «Oftedølsk siger». Dette og alle andre vonbrota Stortinget hadde vore årsak til, gjorde at Ivar Mortenson gjekk ope ut med den politikken Fedraheimen no skulle stå for: «Raatt og rote skal med Rotom rivast. Ned med Kongemagt, Prestemagt og svenskar og Stormannskap, Pengevelde og Bondegjøling. Upp med Husmenn, Arbeidarar og Smaafolk som lid Urett og Mein i den gamle samfundsbygning; Fri Tenkjing, fri Ordning, fri Skuring i alle slag! Og Ingen mannemun!» (Fedraheimen 15. oktober 1887). No har «Fedraheimen» gått over frå å vera eit blad som «krev full Rett for det norske Maalet, og arbeider for Fridom og Framgang og nasjonalt Sjølvstende», til å bli eit «radikalt, kristelegt Maalblad» som vil ha «Bonden og Arbeidaren fram, Kyrkja fri, Forsvarssamlag med Sverik utan Konge, Røysterett for alle og meir Sjølvstyre i Bygd og Fylkje, mindre Stats- og Embætsvelde, Sparepolitikk i alt so nær som Upplysningi».

Frå 1888 kom bladet ut på Tynset. Ivar Mortenson meinte det vart billegare å gje det ut derfrå. Det var siste vendinga Ivar

Mortenson ville gjera med bladet. Fekk han ikkje bladet til å gå skikkeleg no, ville han trekkje seg tilbake og begynne å «njota Livet».

Så i mars 1888 kom det endelege oppgjeret med Johan Sverdrup. Han var «no imot all Ting, som me maa arbeida for». Han hadde gjort den politiske moralen låkare enn før, han ville ikkje gjera noko med arbeidarsaka, og røysterett for alle ville han ikkje ha, han brydde seg ikkje om parlamentarismen, bela til svenskane i unionsspørsmålet, hadde aldri brydd seg om sparepolitikk, kjælte for konge- og embetsvelde og han brydde seg ikkje om presse- og talefridom. «Ned med Johan Sverdrup!», avslutta ein artikkel med. (Fedraheimen mars 1888). Litt seinare på året skreiv signaturen ugh. om Johan Sverdrup: «No stend han som eit Null i Fattigkommisjonen og læt seg bruka av dei, som sputta paa han. Og Ljugarmerkje er inngrave i Skallen hans, og han hev eit Lik paa Ryggen.

Ikkje nemnda den Mannen meir. Ut med 'n». (Fedraheimen 3. august 1888).

1888 var valår, og dette var måten Ivar Mortenson og «Fedraheimen» dreiv valkamp på. Mannen som skjulte seg bak signaturen «ugh.» var Arne Garborg, og det var ikkje måte på kva han plukka fram om Johan Sverdrup før valet.

Det var ikkje fritt for at det vart agitert for dei standpunkta dei meinte var viktige for dette valet. Våren 1888 la dei opp ein slagplan venstreforeiningane burde følgja for å kaste «Oftedølene» frå Stortinget: Det var vinstreforeiningane som måtte utor daudvatnet. Mange hadde ikkje halde møte på «aar og dag», so folk måtte no manne opp styret og få dei til å halde årsmøte. «Og der maa dei reine og radikale bli samstelte paa Fyrehand um ei Valliste og renska ut alle Oftedøler». Det hadde dei gjort paa Tynset, og med stort fleirtal hadde dei kasta «Oftedølene». (Fedraheimen 6. april 1888). Dersom ein ikkje fekk kasta dei, måtte ei «særskild Aigtasjonsforeining» skipast, og dei måtte vedta eit valprogram som såg slik ut:

«1. Ned med Sverdrups-Styre

2. Stemmerett for alle.

3. Umvøling av Grunnloven i republikansk Aand». (F. h. 6. april 1888).

Så måtte dei bli samstelte om valmenn, og ein av valmennene på Tynset, var Arne Garborg. Det var svært godt frammøte da

venstreforeininga på Tynset skulle avgjera program og velja valmenn.

Og styret - med Ivar Mortenson i spissen la fram eit valprogram på åtte punkt: hevdning av parlamentarismen, allmenn stemmerett, mistillit til ministeriet Svedrup, direkte val, svenskepolitikken: eit norsk ministerium, folkevalde prestar, sparepolitikk i alt så nær som opplysning og nedsetjing av løna til embetsmennene. Garborg burde ein røyste på fordi han «vil segje Storkarom sanninga fullt ut», «vil ikkje hefte burt Tingtia med unyttig Snakk», «held det som si oppgåve å hjelpe Smaafolk til sin Rett», «har sett seg det særlege Formaale aa faa full Moral og Ærlegskap inn i Politikken», skreiv Savalguten, Ivar. (F.h. 7. september 1888).

Thore Myrvang - redaktør i Fjeld-Ljom - skreiv om dei såkalla «Tynnsetvalmennen» når dei skulle til breibygdene på Oppland og drive valkamp: «Dei drog daa avstad, og Garborg var den Fane, som dei heldt høgt uppe, - solengje dei var i Nordre Østerdalen, men dess lengre dei kom nedover, dess lengre ned kom ogso Fanen, og daa dei var komne so langt som til sjølve Hamar, der Slaget skulde standa, - daa hadde dei putta Fanen i Lumma si og vaagad seg berre til aa stikke ut ein Snip av ender og daa, naar ingen saag det.

Uppe paa Sagatun der fek dei noko meire Mod og vaaga seg til aa halda Fanen fram, so Folk skulde sjaa kor «rein» han var. Men daa skreik «Storkultane» fra Breibygdom: «Den der er ikkje «rein», men han er raud; han skjer oss i Auga!» Og saa vadsad dei noko um «Uforsonlige», «Mannfolk» Husmenn og meir sligt Skarvety, som dei ikkje vilde vita noko av. Dei vilde ha «reint» Valg, dei.

Og Tynnsetvalgmennen - ja, dei tabte sit Mod og tabte sin Fane, - og sidan var dei snille Gutar alle saman. (F-L 21. september 1888).

Det gjekk altså ikkje så greitt med dei. Folk som skulle røyste såg at dei kasta bort stemmen sin dersom dei heldt på Garborg, og den einaste som heldt på Garborg til slutt var Morten Mortensen - far til Ivar Mortensen. Og Garborg sjølv var arg. Han ville ikkje fram sjølv det året, og all skulda fekk Ivar Mortenson, som Arne Garborg meinte for med for lite alvor, og hadde for mykje «Gjeit-Natur» (F-L 16. oktober 1888). Dette set venskapen mellom Mortenson og Garborg på ei hard prøve, og i eit privatbrev

til Garborg synte han tydeleg kor mykje han følte seg såra av det Garborg hadde skrive om han i «Fjeld-Ljom».

Men Ivar Mortenson gir ikkje opp. For første gang på landsmål blir det trykt ein artikkel av ein anarkist-teoretikar - Peter Kropotkin - i Fedraheimen: «Ned med Storkarane», og med dette markerer Fedraheimen ein enda tydelegare anarkistisk profil.

Arbeidarsaka tok til å bli ei viktig sak for Ivar Mortenson. Det dukka opp fleire artiklar om arbeidarkår og arbeidarrettar i Fedraheimen utover hausten 1888. Og Ivar Mortenson budde seg på det store arbeidarmøtet på Gjøvik der ei arbeidarforeining for Oplanda skulle skipast.

Ivar Mortenson ville til dette skipingsmøtet, fremja eit framlegg til Venstrelaget på Tynset: «1. Vinstreforeininga paa Tynset vedtek å velje Utsendingar til Arbeidarmøte paa Gjøvik i Desember. 2. Desse skal arbeide for eit Arbeidarsamlag for Opplande med Sendemansmøte fraa Futeriforeiningar. 3. Som det fremste Formaal for Samlagsarbeide set me upp det økonomiske ogsosiale Spursmaal».

Men dette ville ikkje Venstrelaget på Tynset vera med på. Med 10 mot 8 stemmer avgjorde det at dei ikkje ville ha noko med arbeidarmøtet på Gjøvik å gjera. Ivar Mortenson vart ikkje rådlaus lell. No gjekk han beint til arbeidarane for å få desse med seg i ei Arbeidarforeining på Tynset. Han fekk skipa ei arbeidarforining, og for denne foreininga vart han send som utsending til arbeidarmøtet.

Arbeidarmøtet skulle avgjera om det var naudsynt med ei felles arbeidarforeining for Opplanda, og dei skulle eventuelt avgjera lover for ei slik. Av andre emne som skulle opp var røystreppen og husmannssaka. Og i desse sakene vart Ivar Mortenson lagt merke til som ein følge av dei vidtrekkjande framlegga sine.

Dersom ein ser på lista over sendemenn til dette møtet, er det forbausande kor mange av det slaget ein kan kalle betre stilte som var der. Ein kan nemnde sakførar, kjøpmann, urmakar, lærar, gardbrukarar (ikkje husmenn), byggmeister osb. Ein av dei som spelte ei viktig rolle for å få i stand dette møtet, var sakføraren Johan Castberg. Han var utsending for «Gjøvik arbejdersamfund», og han var ein aktiv person i denne delen av arbeidarrørsla som tok til å veksa fram på denne tida.

Med stort fleirtal vart det vedtatt at arbeidarforeininga skulle skipast. Det var da lovene skulle vedtakast at det verkeleg vart ordskifte. Ivar Mortenson var svært misnøgd med det lovutkastet som var lagt fram på møtet. Han meinte at lovene måtte slå fast at berre arbeidarar kunne vera medlemmer av foreininga. «Paa enkelte stader var det saa, at alle kunde henregnes til arbeidsklassen; men det var langtfrå tilfælde her over flatbygdene. Man fik passe sig, saa ikke storkarerne omgjør foreiningen», meinte han. (Samhold 11. desember 188). Arbeidarane måtte organisere seg og styre seg sjølve. Og med arbeidarar meinte Ivar Mortenson «husmænd, smaa gaardbrugere, haandværkssvende, mindre mestre, enhver, som ikke ejede mere end at han maatte arbejde for at leve, samt saadanne, som ikke havde over 2000 kroner i aarlig indtægt. Hidtil hadde det været saa, at kapitalisten har brugt arbejderne i sin tjeneste; men herefter skal arbejderne bruge kapitalisten». (Samhold 11. desember 1888). Han fekk lite medhald på møtet. Alle talarane avviste framlegga med at arbeidarane ikkje kunne vinne fram berre ved å lite på seg sjølve, og dei måtte ta i mot all den støtta dei kunne få. Mortenson på si side fann no ut at han hadde komme på feil grunn - han hadde hamna midt i ein flokk med Oftedøler, og syntest det var dårleg slik arbeidarsaka vart handsama her. Og dei omlag 70 utsendingane på møtet var det 23 som røysta med Ivar Mortenson - framlegget hans fall.

Ei anna sak som det var mykje ordskifte om på møtet, var husmannssaka. Trass i at det var svært mange gardbrukarar til stedes, gjekk Ivar Mortenso, svært vidt her og. Han tok m.a. opp eigendomsretten til husmannsplassane, som han meinte tilhørte husmennene. Det var dei som hadde arbeidd opp jorda, og det var dei som dreiv ho. Men det var ikkje rett å la husmennene begynne å kjøpe opp husmannsplassane, men at «al privat ejendomsret til jorden ophæves og at den gaar over til at bli statens ejendom». Det var heller inga meining i at småbrukarar dreiv kvar for seg. Dei burde slå seg saman, og drive sambruk. (Samhold 14. desember 1888). Dette møtte sjølvstort stor motbør blant bøndene som var på møtet. Dei meinte at dette var ein upraktisk og heilt urimeleg idé. Det måtte ikkje gripast inn i den private eigendomsretten. Dei meinte og at det kunne bli mangel på arbeidskraft dersom husmennene begynte å drive for seg sjølve og ikkje lenger hadde plikt til å arbeide for garden plassen

låg under. Ein talar meinte at Ivar Mortenson sine tankar var «den vildeste blanding af anarkisme og bagstræv». (Samhold 14. desember 1888) Ivar Mortenson stod fast på at husmannsklassen burde eige husmannsplassane, og husmannsklassen var arbeidarane, det var samfunnet - samfunnet burde ta plassane. Tjuvar og kjeltringar åtte mest, og det dei hadde, var tatt frå arbeidarane. *Eigendomsretten var tjuveretten*. Så erklærte Ivar Mortenson at han var anarkist. Og sjølv sagt reagerte dei som var der sterkt. Han fekk mange mot seg. Og det heile slutta med at dei skulle sende husmannssaka over til lokallaga sånn at dei kunne diskutere ho der.

Redaktør Thore Myrvang i Fjeld-Ljom skreiv etter møtet: «Savalguten snakker da ogsaa paa en saadan Maade og benytter saadanne udtrykk, at han maa skræmme folk, som ikke kjender ham, naar de ikke er rigtigt behjertet av sig. Saaledes stod han noksaa uskyldig og fortalte, at han var «anarkist» - og det til Folk, som efter alle sine Forudsætninger helt maatte misforstaa ham, og i dette navn lægge noget meget værre end han selv lægger i det. Men sligt bryr han sig ikke om - eller det er ham en ligefrem Fornøielse at skræmme Folk. Mangen brav Arbejdervnen blev ogsaa ordentlig forskrækket paa Gjøvik-mødet. De frisindede Ideer er ikke vant at stige saa høit tilveirs i Trakterne omkring Mjøsen, saa der skal da ikke saa meget til heller». (Fjeld-Ljom 14. desember 1888).

Ivar Mortenson var sjølv slett ikkje nøgd med dette møtet. Han meinte at det hadde vorte ei «Arbeidarforeining» med Storingar». «Fienden hadde komme inn, millom Utsendingane var det so mange Storkarar, at Arbeidartanken vart tynt og daud-dømt. ... I Styre for ei slik Foreining vart naturlegvis ikkje Storkarane gløymde. Det vart vald 1 Grosserar, 1 Overrettsakfører, Formann, 1 Byggmeister, 2 Bønder, 2 Lærarar, 1 *Arbeidar*». Han var og svært misnøgd med dei arbeidarane som var på møtet og talte i mot framlegga hans.

«Ver glad Storing og blaas i Luren for dei sigrar du vann paa Gjøvik-møtet. Skunde deg, med det er Tid, for di Glede skal ikkje bli lang. Eg tenkjer nok, at Arbeidaren og eg skal finne kvarandre vonom fyrr du trur det». (F.h. 14. desember 1888).

«I eit Aaar hev eg no slegjes paa Tynnset og vunne meir, enn eg kunne vone. No vil eg opne Krigen i vidare Ringar. So langt Ski og Høve elles kann bera meg i Aust- og Vestuppland vil eg no

fara og preike den nye Fridomslæra. Eg skal væl faa Vantrua utav folk, de tarv aldri syte for det». (F. h. 14. desember 1888)

Frå januar 1889 var ikkje «Fedraheimen» «Radikalt Maalblad» lenger, men «Radikalt Arbeiarblad», og avisa stridde «*mot* Pengevelde, Prestevelde, Statsvelde. Han arbaidar for at Folk skal faa tenkje og tala fritt og stelle seg, sovitt mogeleg, som dei sjølve vil, og at Arbeide skal vera Herre over Kapitalen».

Ivar Mortenson såg det som ei viktig oppgåve at ein hindra «Sundbytinga i Smaadelar»; ein burde drive samdrift, og ha så mykje sameige som mogleg. Han arbeidde for «Desentralisasjon og fullt Sjølvstyre for alle Smaasamfund, som bør staa Sie om Sie i større internasjonale Samfund». Men han trudde ikkje på nokon blodig revolusjon for å gjennomføre dette. «Eg trur ikkje at det gaar so fort med aa faa Nordmannen til aa gjera Revolusjon. Eg trur at det er baade dumt og ulovleg aa gjera Revolusjon, uta naar eit stort Fleirtal av Folke hev ein Vilje, som dei ikkje kann faa fram gjennom dei gamle Institusjonar. Men daa blir det ikkje nokon Revolusjon med Mord, Brand og Plundring, men berre ei Flytting fraa Gamlestoga burti Nystoga og daa er det berre dei Gjenstridige ein treng aa stogge». (F.h. 10. februar 1889)

I april 1889 kom det ein bladmann frå Vestlandet opp til Tynset - Rasmus Steinsvik. Han hadde drive eit lite blad - Vestmannen - i Volda, og no hadde Ivar Mortenson og han funne ut at dei skulle slå saman blada sine. Dei to delte politiske meiningar, og frå 6. april kom dei to blada ut saman på Tynset. Dei hadde om lag det same innhaldet. Det var einast siste sida som var ulik. Vestmannen brakte nyhendestoff frå Vestlandet, medan Fedraheimen skreiv om hendingane på Autlandet.

Dette førde til auka politisk aktivitet på Tynset. Syttande mai 1889 trådde Ivar Mortenson til med ein tale i Venstrelaget, der han avslutta med eit «Live Revolusjonen». Han kytte ikkje av «Fædrenes minde», ikkje av eidsvollsmennerne, ikkje av eidsvollverket, ikkje av grunnlova ikkje av prestar og juristar og ikkje av bonden helder. Det einaste han var blid på var den franske revolusjon». (Vestmannen 18. mai 1889)

På det same møtet ville Ivar Mortenson leggja ned Venstreforeininga som han meinte hadde svike den største og viktigaste saka for dei: arbeidarsaka. Som ein følgje av dette had-

de han skipa eit eige arbeidarlag: Nordre Østerdalens Arbeidarlag. Han meinte at denne arbeidarforininga skulle avløyse venstrelaget. Han fekk ikkje støtte for dette, og han trekte seg difor frå valet til styre. I styret for N. Østerdalens arbeidarlag sat Ivar Mortenson, P. Krogseng og Arne Garborg. Laget arbeidde for å få Follaldsgruva i drift, og arbeidet der skulle bli drive ved norske pengar, og vera til gagn for bygdefolket. Dei arbeidde og aktivt med kommunevalet dette året, og dei viktige sakene var «Samarbei millom Folk og Heradstyre (Soleis at alle større Saker skal forhandles fyresaat paa Folkemøte, All dokterhjelp aat fastbuande Folk gaar av Kommunekassa». (Fjeld-Ljom 4. juni 1889)

Men dei var ikkje heldige med valet. Det var dei moderate og Høgre som gjekk ut med sigeren. Omlag samstundes med valet vedtok Nordre Østerdalens Arbeidarlag: 1) Me trur at, ei Høgre-regjering vil vera gagnleg, med di ho vil samle Folke til Arber for Republikken.

2) Til Stortingsmennene Torp og Glestad: «Me er harme og misnøgde med Dykk, fordi De held med slike som ikkje unner Arbeidaren fri Tale og Forsamlingsrett». (F-L 19. juli 1889)

Hausten 1889 la Ivar Mortenson ut på ei utanlandsreise. Han for til Tyskland og Sveits, og kom oppglødd tilbake. Særleg hadde han likt folkeforsamlingane og folkeavrøystingane i Sveits.

Det vart rolegare på Tynset no. Ivar Mortenson dreiv ikkje lenger på som han hadde gjort. Han hadde så smått begynt å førebu dei foredragsferdene han skulle leggja ut på. Ein «I. Au» skreiv: «Med politikken er det stilt her (på Tynset). Det var liksom folk somna inn reint, etter Savalgutria gjekk over. Steinsvik baskar og balar for aa skape anarkistar; men det gjeng nok daarleg for honom, det». (Ivar Østigaard).

«Arbeidersaki er reint burtdøid her i bygdi. Det såg ut til at det skulde verta almindeleg tilslutning til arbeiderspursmaalene, so lenge Savalguten arbeide for det paa ein rimeleg maate. Men daa han hadde fenget folk med seg eit stykkje på vegen, fauk han tilvers og kom burt i lufti fyr fylgjesmennom sine». (F-L 4. juli 1890).

Årsskiftet 1890/91 bar det av garde att, men no var det ikkje Tynset som var scene lenger, - det var heile Sør-Norge. Ivar Mortenson hadde lagt ut på foredragsferd. Og i løpet av to år hadde han vore over om lag heile denne landsdelen. Det første

halve året for han over Oppland, og Trøndelag. Og det var ikkje fritt for at han vekte oppsikt med foredraga sine fleire stader. Han skulle først leggja ut med tre emne: «Matløysa i Norig», «Er det raa for Armoa» og «Er Kristendomen for gamal». «Det blir daa i grunnen um Anarkisme, daa Jesus blir meir og meir anarkistisk for meg. Proudhon og Nietsche liknar han i mykje». (Brev til Arne Garborg 24. desember 1890). Seinare fekk han gjort ferdig eit emne til: «Arne Garborg».

I foredraget sitt om matløysa prøvde Ivar Mortenson å prove at det fanst nok mat i Noreg. Foredraget var fullt talrekkjer og reknestykke, men utruleg nok fekk han folk til å høyre på dette foredraget: «Talrækker til at gli ned». (Dagsposten 24. mars 1891). Han meinte at det vart produsert meir mat enn det som vart brukt her i landet, og grunnen til at det likevel var folk som svalt var samfunnsordninga. Det var menneske som spekulerte i maten for å bli rike. Deira magasin var overfylte med mat.

Seinare føyde han til fleire foredrag. M.a. eitt som gjekk over to kveldar om Arne Garborg. Dette foredraget er gitt ut i bokform to gongar seinare: «Arne Garborg. Ein fyretalsmann». (1897 og 1924). Foredraget tek for seg fleire av Garborg sine sider: forfattaren, religionsgruvlaren, fridoms mannen. Og eit anna foredrag som fekk mange lovord, vart seinare gitt ut i bokform. Foredraget gjekk under fleire namn da han annonserte for det, men oftast skreiv han at han skulle halde foredrag «om Politik og Fridom». I foredraget framstilte han fridomsutviklinga gjennom tidene. Frå det eineveldige kongedømmet til eit demokrati der kongen måtte dele makta med folkevalde forsamlingar. Fleire og fleire fekk stemmerett, til alle klasser og menneske kom med. Men her ville ikkje utviklinga stanse. Fleirtalstyre var fleirtalsvelde, og det kunne ein ikkje ha. Slagordet vart «Krig mot talmagta aa tullmagta aa fram med mannavete». (FRidom nr. 2, 1898). Kvifor skulle folk vera lydige mot avgjerder som dei ikkje var einige i og gjera noko dei ikkje heldt for å vera rett? «Ingen hev ret til aa binda nokon til lover eller reglar uta han sjølv samtykkjer». (Samstad). «Ingen skulde vera bunden til anna en dæ som han sjølv frit hadde lova. Frie semjer var dei einaste lover». Då hadde ein nådd målet, idealsamfunnet, eit samfunn utan lover, men samansett av frie samlag.

Ei stund reiste Ivar Mortenson rundt med desse foredraga ,

andre kom til, han skifta på titlane - ofte for å provosere. Det vakte ikkje så lite oppsikt da han kom til Stavangar og skulle halde foredrag: «Revolusjonen maa vi ha». Og han oppnådde vel det han ville: Det kom mykje folk for å høyre på han.

Han hadde ei god evne til å framstille samfunnstankane sine. Ofte heldt han foredraga som lange forteljingar der det klårt kom fram kva han meinte - koss han ville reformere samfunnet - utan at det verka kjedeleg. Likeins brukte han språket på ein sånn måte at det var lett å følgja han. Han forsto at det var rådlaust å begynne å snakke om kooperasjon og kollektiv, derfor sa han: «Dei Arbei som dei paa Hedemarken treng, «Arbeidsherrer» og «Underordnede» til aa utføre, det greier dei oppi Fjeldbygdene paa simpelt Vis ved *Samarbei*. Og det er altso den Meininga eg har, at det gaar like so got daa». (Oplandenens Avis 11. mai 1891).

Men han greidde ikkje å starte noka folkerørsle der han for med foredraga sine. Kva kan grunnane til det vera? Det finst nok fleire. Men eg trur at han øydela noko for seg sjølv med foredragsstilen sin. Det vart kanskje litt for vanskeleg å ta han alvorleg når han talte samfunnsreformer i eventyr. Men den viktigaste grunnen trur eg er den anarkistredsla avisene piska opp i dei bygdelaga der han for. Ofte stod det ein eller annan notis i avisene om bombesprenningar som anarkistar skulle ha stått for, og desse notisane sto påfallande nær referata frå Ivar Mortenson sine foredrag. Og dette var noko som galdt for mange aviser der han for. Likeeins kom det andre foredragshaldarar etter han på Austlandet og åtvare sterkt mot anarkismen. Dette sa Statsråd Hertzberg på Stange i januar 1891: «Den Person der er «sluppen løs» paa Hedemarken, rejser omkring i Bygderne her ny og præker og erklærer sig for Anarkist. Mon den Herre har Kundskab om, hvad Anarkist betyder. Anarkisme er Fløien af Sosialisme». Så lagar han ei god røre der han blandar samen nihilisme og Ivar Mortenson si lære og seier: om nihilisten: «Revolution, ødelæggelse, derfor studerer han, derfor arbejder han; alt hvad der kan fremme Forbrydelser, er godt og vel, medens alt, hvad der kan forhindre Forbrytelser, er galt». (Hedemarkens Amtstidende 21. januar 1891).

Jula 1892 var Ivar Mortenson ferdig med foredraga sine. Da hadde han vore over heile Austlandet, Trøndelag helt nord til Namdal, Valdres, Telemark, Agderfylka, Vestlandet frå Sta-

vanger til Kristiansund. Han oppsummerte 200 foredrag for 15000 menneske.

Ivar Mortenson dreiv ikkje så mykje på med anarkisme dei åra som kom. Han skreiv litt i Syn og Segn og avisa «Den 17. mai» som begge vart starta opp i 1894. Og det var mest om mål-sak han skreiv.

I 1897 tok han til med anarkismen att. Denne gongen tok han til å gje ut tidsskriftet «Fridom». Det var eit «Tidsskrift for sjølvhjelp og sjølvstyre». I dette tidsskriftet forma han ut ein endeleg anarkistisk ideologi, og han la opp linene for det samfunnet han ville ha. Det var gjennomsamnnøytetanken at samfunnet skulle skipast. Eit samnnøyte var eit lite grendesamfunn som hadde det som trongst av handtverkarar og sånt for at samfunnet skulle fungere. Det skulle ikkje finnast nokon privat eigendom - jorda var sams. Av fellesjorda kunne ein bygsle så mykje jord som ein trong. Det skulle og vera att noko fellesjord som alle kunne vera med på å dyrke. Avlingane herfrå skulle seljast, og pengane dei fekk skulle vera inntekter alt etter kor mykje arbeid folk hadde lagt ned i dyrkinga av fellesjorda.

Av handtverkarar meinte Mortenson at eit lita grend trong ein tymakar, skomakar/lærarbeidar, tremakar, steinarbeidar, metalarbeidar, agronom, hestmann, fjøsmann (ein som kunne forstå seg på dyrlækjing), og dei måtte ha ein handlar. Eit slikt samlag vart det ein nærmast kunne kalle staten, meinte han. Han sette opp eit framlegg til vedtekter for eit samnnøyte.

Han fann mange føremonar ved samnnøyta: Individualismen ville få sin rett, og kvart samnnøyte ville bli som ein individuell organisme «som kan sjilje ifrå seg skadelege elementar o drage til seg samhøvelege». «Eit kan hava ervelegt einevelde, eit ana prestestyre, eit trie parlament, eit fjerde folkestyre, eit femte sjølvstyre o.s.v. De sjil ikje dein eine grenda korleis den andre steller seg. Men alle mennsje vil finne seg plass der som dei høver best in i organismen eller samfundsanden». (Fridom 1898, s. 132-33).

Dei ulike formene for sosialisme ville komma til sin rett: «Fri samanslutning», «for dei ko-operative tankar bli her den beste framti», ein slepper kolinifrestnadar: det vil bli jord nok åt alle, «den strengaste stats-soialisme vil og kunne få frie hender i eit samnnøyte». «På fri-komunist vis kunne og some samnnøyte ordne

seg». «Stutt sagt alle sosiale tankar o rørsler i tia vilde få arbeidsmark o spelrom». (Fridom 1898, s. 133-134).

«*Aristokratisme og individualisme* vilde semjas med *demokratisme og sosialisme*, so at ingen av desse draga stemnde mot kvarandre, men samhovde seg til støre fyremål». (Same stad).

Korleis skulle ein så greie å skipe desse samnøyta? Ivar Mortenson sat opp fire alternativ: I. Ein samlar fyst kapital. II. Ein hev minst mogeleg av pengar men leg til arbei i staen. III. Ein grunneigar set freistnaen i gang. IIII. Fleire småbøndar i ei grend sluttar seg saman. V. De jeng av seg sjølv uta nokon freistna i de småe ved hjelp av politikk eller omstøyt».

Dette var i grunnen det siste Ivar Mortenson arbeidde med i anarkistisk lei. Seinare vart han meir og meir opptatt av mål-sak, nasjonale spørsmål og litterære syslar. Eg meiner at anarkisttida til Ivar Mortenson er slutt ved unionsoppløysinga i 1905. Det ville ha vore naturleg at *anarkisten* Ivar Mortenson hadde halde på republikk da - i samsvar med kva han hadde stått for tidlegare. Men Ivar Mortenson ville ha konge. «Fær me ein konge, vert det dermed gjeve oss ein stor fyreloge: aa skapa eit særskilt *norskt nasjonalt kongedøme*». (Den 17. mai, november 1905). Med desse orda har den nasjonale Ivar Mortenson fått meir å seia.